

Høyringsnotat

Politiavdelingen

Dato: 24. februar 2022

Saknr: 22/1199

Høringsfrist: 29. mai 2022

Forslag om endringar i våpenlova og våpenforskrifta for å gjennomføre delegert kommisjonsforordning (EU) 2021/1423 om fastsetting av nærare reglar etter EU sitt våpendirektiv (EU) 2021/555 om systematisk elektronisk utveksling av opplysingar om avslag på søknad om erverv eller innehav av enkelte skytevåpen

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet sender med dette på høyring framlegg til endringar i våpenlova og våpenforskrifta. Framlegga er meint å skulle gjennomføre delegert kommisjonsforordning (EU) 2021/1423 om fastsetting av nærare reglar etter EU sitt våpendirektiv (EU) 2021/555 om systematisk elektronisk utveksling av opplysingar om avslag på søknad om erverv eller innehav av enkelte skytevåpen.

2 Nærare om forordninga

EU sitt våpendirektiv (91/477/EEC) frå 1991 er Schengen-relevant og implementert i norsk rett. Våpendirektivet set minimumskrav til medlemsstatane sin nasjonale våpenkontroll. Medlemsstatane kan såleis fastsetje strengare reglar knytt til våpen og våpenforvaltinga etter nasjonal rett.

Våpendirektivet har vore gjennom to store revisjonar, sist i 2017. Noreg tok del i forhandlingane om desse revisjonane, som er gjennomført i våpenlova av 2018 og våpenforskrifta av 2021. Dei høvesvis omfattande revisjonane leidde fram til eit behov for eitt nytt våpendirektiv der endringane vart innarbeid. EU-parlamentet og EU-rådet fastsette difor 24. mars 2021 direktiv (EU) 2021/555, som er eit nytt samledirektiv. Det nye våpendirektivet inneheld ingen materielle endringar til våpendirektivet slik det var utforma etter siste revisjon 17. mai 2017. Noreg notifiserte EU 25. januar 2022 om at direktiv (EU) 2021/555 er implementert i norsk rett.

I våpendirektivet artikkel 18 er det fastsett krav til utveksling av informasjon mellom medlemsstatane. Etter artikkel 18 nr. 4 skal medlemsstatane utveksle informasjon om løyve til overføringar av skytevåpen mellom medlemsstatar, samt opplysingar om nekt av løyve etter våpendirektivet artikkel 9 og 10 (erverv og innhav av skytevåpen mv. i kategori A og B) på grunnlag av tryggleiksmessige forhold. Etter våpendirektivet 18 nr. 5 kan EU-kommisjonen gje utfyllande føresegner for gjennomføring av kravet til informasjonsutveksling, samt etablere eit elektronisk system for utveksling av slik informasjon.

EU-kommisjonen fastsette 21. mai 2021 delegert forordning (EU) 2021/1423 som set nærare krav til medlemsstatane sin utveksling av informasjon om nekt av våpenløyve til skytevåpen, vitale våpendelar og ammunisjon i kategori A og B. Forordninga er merka som EØS-relevant. Departementet vurderer derimot forordninga til å vere Schengen-relevant, og behandlar ho deretter.

Av *artikkel 1* går det fram at verkeområdet til forordninga er å gjennomføre kravet til informasjonsutveksling etter våpendirektivet artikkel 18 nr. 4.

I *artikkel 2* er det fastsett at medlemsstatane skal bruke Internal Market Information System (IMI) som plattform for informasjonsutveksling, i samsvar med gjennomføringsavgjerda (EU) 2021/1427. I gjennomføringsavgjerda vert det mellom anna fastsett at IMI skal brukast som plattform for utveksling av informasjon etter våpendirektivet artikkel 18 nr. 4.

Gjennomføringsavgjerda er også Schengen-relevant, men slike avgjerder vert normalt ikkje gjennomført i norsk rett fordi Schengen-avtalen ikkje krev dette, og fordi avgjerda ikkje inneheld plikter som må fastsetjast i lov eller forskrift etter norsk rett. Avgjerda er teke med heimel i forordning (EU) 1024/2012 (IMI-forordninga) artikkel 4 nr. 1, som opnar for at kommisjonen gjennomfører pilotprosjekt for å utvide bruken av IMI til nye føremål. I gjennomføringsavgjerda (EU) 2021/1427 er det vedtatt at det skal gjennomførast eit slikt pilotprosjekt for utveksling av opplysingar om nekt av våpenløyve etter direktiv (EU) 2021/555 nr. 18.

IMI vart opphavelig etablert i kommisjonen si avgjerda 2008/49/EC. Denne avgjerda vart oppheva av forordning (EU) 1024/2012 om administrativt samarbeid gjennom IMI (IMI-forordninga). IMI-forordninga er gjennomført i norsk rett i forskrift om gjennomføring av forordning (EU) nr. 1024/2012 § 1, med heimel i EØS-høringsloven § 13 a. Forordninga inneheld blant anna reglar om behandling av opplysningane i IMI, medrekna reglar om kven som har tilgang til opplysningane, og korleis dei kan brukast.

I *artikkel 3* er det fastsett kva opplysingar som medlemsstatane skal utveksle gjennom IMI-systemet. Opplysningsplikta etter artikkel 3 nr. 1 gjeld for nekt av løyve for skytevåpen i kategori A og B, jf. våpendirektivet artikkel 9 og 10. At plikta omfattar desse våpentypene betyr i praksis at den gjeld for alle våpentypar med unnatak for hagler og rifler med enkeltskot eller manuell omlading, halvautomatiske hagler eller rifler med fast magasin som berre kan ladast med inntil tre patroner, pistolar med randtenning og enkeltskotlading, deaktiverte skytevåpen, samt skytevåpen som er gjort om til å skyte ammunisjon utan prosjektil.

Vidare er det i artikkel 3 nr. 1 bokstav a til j fastsett nærare krav til kva opplysningskategoriar som skal registrerast. Dette er i hovudsak opplysingar for å identifisere den vedtaket rettar seg mot, det organ som har utferda løyvet og nærare opplysingar om kva for løyve som vart gjeve. Det kan nemnast at det ikkje skal rapporterast om dei nærare forhold som grunnleggjande nekt av våpenløyve.

Etter artikkel 3 nr. 2 kan medlemsstatane velje å utlevere meir utfyllande informasjon som kan identifisere den person som vedtaket gjeld, enn dei minstekrav som er fastsett i artikkel 3 nr. 1 bokstav a til d. Vidare er det i artikkel 3. nr. 3 sett krav til at opplysningane i artikkel 3 nr. 1 og 2 skal registrerast i IMI innan 30 dagar frå det tidspunktet vedtaket om nekt av våpenløyve vart gjort.

I artikkel 4 vert det fastsett føresegner om vedlikehald av føringar om nekt av våpenløyve i IMI. Etter artikkel 4 nr. 1 skal vedtak om nekt av våpenløyve slettast frå IMI innan 30 dagar frå det tidspunktet dei ikkje lenger er gyldige. Vidare skal medlemsstatane syte for å oppdatere føringa i IMI innan 30 dagar etter at det er gjort endringar i eit vedtak om nekt av våpenløyve, jf. artikkel 4 nr. 2. Etter artikkel 4 nr. 3, 4 og 5 skal medlemsstatane seinast kvart 10 år frå det tidspunkt føringa sist vart oppdatert, føre kontroll med at opplysingane er korrekte.

I artikkel 5 er det gjeve nærare føresegner om kor lenge føringane skal stå i IMI. Etter artikkel 5 nr. 1 og 2 skal føringane om nekt av våpenløyve stå i 10 år etter opplysingane vart innført eller sist oppdatert, med mindre vedtaket er bestemt å gjelde for ei kortare periode. Etter artikkel 6 og 7 skal den delegerte forordninga gjelde frå 31. januar 2022 og den skal gjelde for alle medlemsstatar.

3 Gjeldande rett

Etter våpenlova § 36 skal politiet føre eit sentralt våpenregister over skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er løyvepliktige etter våpenlova §§ 5, 6 eller 7, og over personar som har løyve eller godkjenningar etter lova. Etter våpenlova § 41 nr. 30 kan Kongen mellom anna gje forskrift om gjennomføringa av § 36, medrekna reglar om kva for opplyskingskategoriar som kan registrerast og utlevering av opplysingane.

I kongeleg resolusjon 11. desember 2020 delegerte Kongen kompetansen til å fastsetje forskrift til Justis- og beredskapsdepartementet, som nytta kompetansen til å fastsetje våpenforskrifta 7. mai 2021. Forskrifta tok til å verke 1. juni 2021.

Det følgjer av våpenforskrifta § 13-2 at det kan registrerast opplysingar som er naudsynte for å gjennomføre kontroll med at reglane i våpenlova og forskrifta vert følgde, samt å sikre ei forsvarlig våpenforvaltning, medrekna opplyskingskategoriane som er lista opp i nr. 1 til 8. Opplysingar om nekt av våpenløyve er ikkje nemnd i § 13-2. Sjølv om oppstillinga ikkje er uttømmmande, jf. ordlyden «medrekna», vert opplysingar om nekt av våpenløyve normalt ikkje ført i våpenregisteret.

Dersom politiet avgjer at ein søkjar skal nektast våpenløyve, vert det fatta eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 bokstav b. Forvaltningslova gjeld for saker etter våpenlova, jf. våpenlova § 38. Det betyr at sjølv om opplysingane om nekt av våpenløyve ikkje er registrert i våpenregisteret, vil dei gå fram av enkeltvedtaket.

Etter våpenforskrifta § 13-4 kan opplysingar frå våpenregisteret utleverast om det er høve til det etter føresegnene om teieplikt i politilova § 24, jf. forvaltningslova §§ 13 til 13 f. Sidan opplysingar om nekt av våpenløyve ikkje registrerast i våpenregisteret, gjeld ikkje § 13-4 for desse opplysingane. Sidan forvaltningslova uansett gjeld for saker etter våpenlova, gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13 f likevel. Personopplysingslova gjeld for behandlinga av opplysingane, jf. personopplysingslova § 2.

Opplysingar om nekt av våpenløyve vil grunna tryggleiksmessige forhold som regel måtte reknast som opplysingar om «noens personlege forhold», som er underlagt teieplikt etter forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1. Da ingen av avgrensingane i teieplikta etter § 13 bokstav a eller b gjeld for opplysingar om nekt av våpenløyve, er utgangspunktet at desse opplysingane ikkje kan utleverast etter gjeldande rett.

4 Nærare om endringsframlegga

Departementet tolka opphaveleg direktiv (EU) 2021/555 slik at det ikkje var naudsynt å endre det norske våpenregelverke. I lys av delegert kommisjonsforordning (EU) 2021/1423 ser departementet at det likevel er behov for å endre våpenlova for å oppfylle krava som følgjer av våpendirektivet (EU) 2021/555 artikkel 18 nr. 4 og for å implementere den delegerte kommisjonsforordninga (EU) 2021/1423.

Det er nærliggande å sjå registrering av opplysingar i IMI som utlevering av opplysingar. Som nemnd kan ikkje opplysingane utleverast etter gjeldande rett, da dei er underlagt teieplikt, jf. forvaltningslova § 13.

For å opne for at opplysingar om nekt av våpenløyve kan utleverast gjennom registrering i IMI, føreslår departementet å lovfeste ein særskilt forskriftsheimel i våpenlova § 41 nr. 30 til å gje forskriftsføresegner om unntak frå teieplikta. Vidare føreslår departementet ei korresponderande endring i våpenlova § 38 som presiserer at det kan forskriftsfestast unntak frå forvaltningslova, i tillegg til dei unntaka som er særskilt nemnde i våpenlova § 38. Forskriftsheimelen kan deretter supplerast med reglar i våpenforskrifta om registrering av opplysingar om nekt av våpenløyve i IMI.

EU-kommisjonen si delegerte forordning gjev medlemsstatane få handlingsalternativ til korleis den skal gjennomførast. Vidare får ikkje forordninga nokre direkte følgjer for den einskilde løyveharar. Departementet føreslår difor at forordninga vert inkorporert ved at ein i våpenforskrifta § 11-14 seier at heile forordninga gjeld som forskrift. Noverande innhald i § 11-14 flyttast til ny § 11-15. Plikta til å registrere opplysingar i IMI følgjer dermed av at forordninga er gjort til forskrift. Det vil vidare vere forordninga sine særlige reglar om behandling av opplysingar som gjeld for behandlinga i IMI, i tillegg til reglane i forordning (EU) 1024/2012 som er gjennomført i forskrift om gjennomføring av forordning (EU) nr. 1024/2012 § 1 med heimel i EØS-høringsloven § 13 a.

Politidirektoratet kan gje nærare retningsliner om korleis registreringa i IMI reint teknisk skal skje.

5 Økonomiske og administrative følgjer

Det nye systemet for utveksling av opplysingar ved bruk av IMI vil krevje retningsliner frå Politidirektoratet. I tillegg vil det vere behov for opplæring av tenestepersoner i våpenforvaltinga. IMI er eit nettlesarbasert informasjonssystem som i utgangspunktet ikkje krev ny teknologisk infrastruktur. Politiet skal kunne bruke utstyret dei har i dag.

Utover dette er det ikkje venta at forslaget vil få økonomiske og administrative følgjer. Eventuelle meirkostnader vert dekkja innanfor gjeldande budsjetttrammer.

6 Forslag til endringar i våpenlova og våpenforskrifta

Departementet foreslår følgjande endringar i våpenlova og våpenforskrifta:

6.1 Våpenlova

Våpenlova § 38 første punktum skal lyde:

Forvaltningsloven gjeld for saker etter denne lova med dei særreglane som er fastsette i andre og tredje punktum i paragrafen her *og i medhald av § 41 nr. 32.*

Våpenlova § 41 nr. 32 skal lyde:

32. forholdet til forvaltningsloven, medrekna *sakshandsamingsreglar, reglar knytte til intervju og unnatak frå teieplikta, jf. § 38.*

6.2 Våpenforskrifta

§ 11-14 skal lyde:

§ 11-14 *Systematisk elektronisk utveksling av opplysingar om avslag på søknad om erverv eller innehav av enkelte skytevåpen*

Delegert kommisjonsforordning (EU) 2021/1423 om systematisk elektronisk utveksling av opplysingar om avslag på søknad om erverv eller innehav av enkelte skytevåpen gjeld som forskrift. Teieplikta etter forvaltningsloven § 13 er ikkje til hinder for utlevering av opplysingar om nekt av våpenløyve i samsvar med forordninga.

Gjeldande § 11-14 vert ny § 11-15. Overskrifta «Europeisk våpenpass» vert flytta framfor § 11-15.

Forordninga blir teken inn som vedlegg til slutt i forskrifta.